

# K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

September . 1996

50. årg.



## Stå opp og lova Gud

Stå opp og lova Gud,  
syng høgt til Herrens ære!  
Kvart folk og tungemål,  
sin lovssong fram skal bære.  
For Gud med oss er god,  
han ber oss i sin famn,  
hans miskunn himlen når.  
Høglova ver hans namn!

Gud vere evig lov,  
for all sin store nåde!  
Hans namn velsigna ver,  
hans rike evig råde!  
Han allheims herre er,  
med makt og herredom,  
med visdom, velde, kraft  
og evig herlegdom!

Bernt Støylen

## Les i dette nr..

Andakt av Gunvor  
Bjørsvik  
Side 3

Glimt fra Bildøy  
Side 4-5

Bergsdalsstemnet  
Side 6-7

Barneside  
Side 8

Slekters Gang  
Side 10-11

## Ordtak

Arbeidstykets begynnelse og avslutning  
krever sin mester, det mellomliggende kan  
enhver gjøre.

## Endeleg

Endeleg er Kyrkjebladet på banen att. Grunna forskjellige omstende er det lenge siden forrige blad kom ut. Eg veit at det er mange som har venta på bladet, men nå er me her att.

Eg vil nytta høvet til å takka Ove Magne Straume for at han tok over bladet medan eg hadde permisjon for å gå på bibelskule.

Planen er å gje ut to blad til i haust. Forutan dette bladet vert dei eitt i oktober og eitt i desember.

Eg er svært interessert i at lesarane sender inn stoff. Det vere seg ei oppleving, eit dikt eller noko anna.

Skal Kyrkjebladet vera godt er det særskilt viktig at lesarane tek del. Å laga eit slikt blad gjer seg ikkje sjølv. Så har du noko du vil bidra med, så nøl ikkje med å senda det inn.

**Ragnvald Kringlebotten**

### Kjære Gud

Kan du låne bort litt av sola di i dag?  
Alle blir så glade når solstrålene leker siste  
i klasserommet  
Frode har en blank brevpner.  
Når solstrålene treffer den,  
sender Frode dem videre til meg.  
Jeg prøver å late som om jeg ikke merker det.  
Men jeg blir varm inni kroppen.  
Jeg blir varmere av strålene Frode sender meg,  
enn av hele sola di, Gud.  
Lærer'n ber om ro klassen.  
Men når strålene danser rundt i rommet,  
og det er "vinterslutt" og vår,  
da må han lese, lærer'n også.  
Og så synger vi, og klasserommet blir  
et godt sted å være.  
Takk for sola og solstrålene  
som du låner oss, Gud!  
Amen.

Fra boka "I startgropa" av Torhild Moen.  
Gjengitt med tillatelse fra Verbum forlag.

### STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan  
4. oktober 1996.

Bladet kjem ut i vike 44 som byrjar  
med 28. oktober.

Ragnvald

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

### Vaksdal prestegjeld

Kyrkjekontoret for Vaksdal  
Adr. Boks 113, 5280 Dalekvam  
Vitjingsadr. Fabrikkvegen, Dale  
Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag  
kl. 09-13  
Tlf. 56 59 61 20

Soknep. Frode Kvamsøe 56 59 73 15,  
privat  
Kappelan Bård Egil Dyrhol 56 59 70 88  
privat og kontor

### KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 60,-  
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.  
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.  
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese.

## "nu er jeg kommet -."

Det var sikkert ikke så lett for Josva.

- Vi leser Josva Bok 5, 10-15. Nu var han leder av folket. Moses var død. De var kommet over Jordan, feiret påsken, og dagen etter åt folket av landets grøde. Mannaen fra himmelen var stoppet.

- Gud så at Josva trengte hjelp. Et synlig bevis på det usynlige.

Josva løfter sine øyne, og får se en mann som stod foran ham, med de draget sverd i hånd. Josva gikk bort til ham og spurte: "Herre, hører du til oss eller våre fiender?"

"Nei, jeg er høvdingen over Herrens hær, nu er jeg kommet."

- Josva falt på sitt ansikt til jorden og tilbad og sa til ham: "Hvad har min Herre å si til sin tjener?" Og Høvdingen over Herrens hær sa til Josva: "Dra skoen av din fot. Det stedet du står på er Hellig."

- Stillhet.

Det er som vi ser Josva bøye sig ned og ta skoene av. "Høvdingen for Herrens hær?" "Nu er jeg kommet."

Våre tanker går til Jesu ord i Johs. 10,10. "Jeg er kommet," sa Jesus til folket og disiplene, "for at dere skal ha liv i overflod."

Vi vet hvordan Hans komme blev kjent. Det var hyrdene på Betlehems-markene engelen fra Himmelens åpenbarte sig for. "Frykt ikke. Jeg forkynner dere en stor glede, som skal vederfares alt folket. Eder er idag en Frelser født."

Og så fikk hyrdene beskjed om hvor de skulle gå for å se barnet, Frelseren. De gikk. Alt stemte med engelens ord.

"Jeg er kommet," sa Jesus, - og tiden er inndelt i før og etter Hans komme".

- Tankene mine går til den gamle assistenter, som en dag i undring sier til min mann: "De tror ikke på Gud, men hver dag skriver de årstallet etter Kristi fødsel!" Selv var han ivrig i tjenesten for å bringe gledesbudskapet videre. Og mange var de som tok imot.

Jesus kom for å gi oss evig liv. Det som Han gir oss her, og som vi bærer med oss gjennom døden og inn i evigheten. -

Hvordan får vi det evige liv? Jesus, som har sonet all verdens synd, din og min innbefattet,

sier det så enkelt gjennom beretningen om tolderen i Templet. Tolderen bad to ord: "Kyrie eleison." I vår bibeler det oversatt med "Gud vær mig synder nådig". Jesus sa at tolderen gikk "rettferdigjort hjem til sitt hus". Hvad mannen følte, vet ingen. Men Jesus sa det var i orden.

I Rom. 6,23 leser vi: "Men Guds nådegave er evig liv i Jesus Kristus vår Herre".

En gave tar en imot, eller forsmår den. Nådegaven fra Gud er til den enkelte av oss. Har du tatt imot din? Jeg har tatt imot min, og det er det dyreste eie.

- Ikke forkast den. Ta imot Guds nådegave til dig. - "Det evige liv". Da har du en fast grunn å stå på, - i livet, og i døden. Jesus har sagt det: "For jeg lever og dere skal leve". Johs. 14,19.

Gunvor Bjørsvik



Andaktshaldaren Gunvor Bjørsvik fotografert på eit av sine mange Vassbakken stemmer.

Foto: Ove Magne Straume

## Glimt frå Bildøy

Som nokre av lesarane veit har eg, Ragnvald Kringlebotten, vore elev ved Bibelskulen på Bildøy på Sotra siste halvåret. Nå vil eg gje litt tilbakeblikk på dette halvåret.

Det var med spenning eg reiste ut til Bildøy 6. januar. Kva ville møta meg? Korleis ville det verta å gå på skule med elevar eg kunne vore far til? Desse og andre spørsmål dukka opp, men det gjekk heilt fint. Det var ikkje noko vanskeleg å koma inn i miljøet. Nokre sa også at slike miljø hadde godt av litt variert alderssaman- setting.

Eg gjekk på ei line som heiter "Bibel og teneste". Denne lina var både heil og halvårig. Elles var det tre andre liner: Musikk, Media og Bymisjon.

Alle linene hadde bibelfag. På bibelfaga gjekk ellevane saman i enkelte av faga.

Undervisninga byrja klokka halv ni og varte til halv tre, då var det tid for middag.

Alle elevane måtte ta del i oppvask og vask av golv i skule- og internatbygget.

### Fritid

Noko av det viktigaste ved ein slik internatskule er det sosiale. Det var samling i peisestova, midttime med bibel og bøn kvar dag unna teke laurdag og søndag, onsdagsmøte og ulike aktivitetar i idrettshallen.

Kvar klasse hadde også ansvar for hyggekveldar og for andaktar på onsdagsmøta.

Ei helg i mars var alle elevane og lærarane rundt i Nordhordland på tur, og like før påske var me på ei vekes tur over heile området til DVI.

Noko av fritida gjekk sjølvsagt også med til å lesa og halda rommet på internatet i orden, og å prøva å sova. Alle var ikkje like spreke om morgonen viste det seg.

Eg fekk også praksis på ei tenåringsgruppe på Sekkingstad vest på Sotra annankvar torsdag.

### Par

Eg er i alle fall glad for at eg var gift når eg gjekk der ute. Var det nokon som vart par tok dei den mannlige delen av paret og lempa han i sjøen med kleda på. Ein som opplevde det var frå Senegal i Afrika og heitte Jean Adama.

- Nordmenn er ikkje riktig kloke, sa han der han sat på rommet og tørka både seg og kleda. Kjærasten, Elisabeth, frå Bornholm i Danmark trøyste det beste ho kunne.

Men slike og andre ting som stafett og fotballkamp mellom internata og lærarane på idrettsdagen i mai sette farge på halvåret. På fotballkampen vart internatet eg budde kåra til beste heiagjeng. Både menn og damer stilte i skjørt i pøsande regnver. Eg hadde på meg eit rødt fotsidt skjørt. Premien var ein heil vaskebalje full av popcorn som internatuarane delte på.

Nokre av elevane tok kristendom halvt grunnfag med eksamen på NLA. Me andre hadde prøve i Johannesevangeliet 30. mai.

Siste veka hadde me seminar om Hans Nielsen Hauge, tur til Herdla og vask av internat og hovudbygg før det heile vart avslutta med ein fin fest 8. juni.

Eg tregar ikkje på dette halvåret og det er ikkje noko hinder å gå på bibelskule fordi om ein er komen over den fyrste ungdomen.

R.K.



Her er eg saman med Elisabeth Riis frå Danmark og Jean Adama Heggernes Barry frå Senegal.

Foto: Ingrid Weinreich



Her er alle som byrja etter nyttår samla. Me gjekk alle på lina Bibel og teneste.

Foto: Odd Nordmann Thormodsæter



Dette er frå turen me hadde til Herdla på Askøy

## Bergsdalsstemnet

Søndag 11. august 1996 var turen etter kommen for det tradisjonelle Bergsdalsstemnet. Veret var fint og det heile starta med gudstenesta kl. 11. Frode Kvamsøe forretta og han tala over Johs. 6,66-69. Tidlegare i dette kapitlet hadde Jesus mellom anna tala om at han var brødet frå himmelen. Av di han sa dette kom han i kvasst ordskifte med Jødane. Jesus tala då sterkt til folket og mange tykte dette var harde or og drog seg unna.

### Kven skal me gå til?

I teksten spurde Jesus lærersveinane: "Vil de og gå bort?". Peter svara: "Kven skulle me gå til, du har det evige livs ord". Peter spør og svarar som om det er opplagt, sa Kvamsøe. Dette er eit vegskilje for Jesus og lærersveinane. Det handlar på ein måte om vårt tilhøve til misjon og om vår neste er frelst. Det var ein liten flokk att som fylgte Jesus. Han underviste dei om seg sjølv og deira til høve til han, han underviste også om nattverden. Mange tykte det Jesus sa var harde ord. I dag er det også mange som trekkjer seg vekk. Kvifor er det slik?

- Dei finn orda hans anstøytelege
- Høyrer på andre sine stemmer
- Vil ha det komfortabelt
- Dagleglivet krev så mykje at det vert ikkje plass til Jesus.

Den største faren er likesæla. Me held oss slik på avstand frå Jesus at kontakten til slutt vert heilt borte.

Peter sitt svar gjev uttrykk for ei tru som har vakse fram, at det er berre Jesus og trua på han som kan gje evig liv.

Kven andre kan me venda oss til?, spurde Kvamsøe. Svaret er i grunnen enkelt: "Det er ingen andre enn Guds son som kan visa oss vegen til himmelen, avslutta Kvamsøe.

### Song

Ragnhild Straume deltok med song med tone-fylge av Frode Raymond Vik. Songane var med og gjorde gudstenesta endå rikare.

Etter gudstenesta var det som vanleg mækt i kyrkjekjellaren og leik etterpå.

### Leik

Lekestunda starta med styltegåing der Kvamsøe prøvde å gå på styltene opp trappa til ungdomshuset på Lid, men han måtte gje opp. Det er jo ikkje vert å skada seg på slikt.

Vidare var det stafett med potet i skei, slå på ringen og katt og mus. Alle kosa seg ut det fri og hadde ei triveleg pausestund.

### Ettermiddagsmøte

Ettermiddagsmøtet starta med barnesong og meir song frå Ragnhild Straume. Forutan song var det frie vitnesbyrd.

I vitnesbyrda kom det fram at Jesus er stor. Han kan ta angst bort, hans løfter står fast og han er Guds verkelege offerlam. Forutan blod vert det inga forsoning og tilgjeving. Og for å nå målet, himmelen, må me gjera Guds vilje, vart det mellom anna sagt i vitnesbyrda.

Frode Kvamsøe avslutta det heile med velsig-ninga

R.K.



Ragnhild Straume song på Bergsdalsstemnet

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Her er ein liten "modell-konge", på Bergsdals-stemnet, Håkon Kvamsøe.

Foto: Ragnvald Kringlebotten




Her er det visst ei som kan kunsten å meis tra styltene.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Nei styltegåing er ikke det enklaste å driva med. Her er det søster til soknepresten som må i bakken.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



## Kvar kom målarskrinet frå?

**Andakt for dei minste** av Elisabeth Bjørn Aasbø.

Pål var snart fem år. Han hadde fødselsdag om ei veke. No sat han ved kjøkkenbordet og teikna.

-Tenk at du blir fem år neste fredag, sa pappa. Eg veit nok kva du ønskjer deg aller mest: Eit flott målarskrin!

-Men, sjå her du pappa, eg har eit målarskrin her, eg! Pål smilte og viste fram eit stort skrin med ekte akvarellfargar.

Akkurat då vart pappa svært rar i ansiktet sitt.

-Kvar kjem det målarskrinet frå, Pål?

-Pål såg på pappa, så såg han litt ned i bordet:

-Eg fann det i butikken, eg.

-Har mamma kjøpt det til deg kanskje?

-Nei, eg berre tok det. Vil du sjå? Det har mange fine fargar, og tre penslar.

Pappa tenkte ikkje på penslane til Pål no. Han stakk hendene sine djupt ned i lommene og såg ut glaset. Det gjorde pappa når han tenkte på noko viktig.

-Du Pål, veit du kva du og eg skal gjera i dag? Vi skal ta oss ein tur i butikken der du tok målarskrinet.

Så ringde pappa litt i telefonen. Han snakka visst med ei butikkdame.

Den kvelden sat pappa lenge inne hos Pål. Dei hadde vore i butikken. Pål hadde levert tilbake målarskrinet han hadde tatt. Så hadde han bedt butikkdama om orsaking. Butikkdama hadde smilt til han og sagt at han var ein knakande kjekk gut. Dei vinka til kvarandre då Pål gjekk.

-Eg trur vi må be Jesus om tilgiving også, sa pappa. Når vi har gjort noko dumt, må vi ordna opp igjen, veit du. Det er ikkje lov å ta noko frå andre.

Pappa tenkte seg om, og så sa han: Eg ti pappa må be Pål om tilgiving i dag også. Minnest du at du ville vi skulle leika krokodillar? Eg las i avis. Du maste litt. Då trykte pappa på "vaksen-sinna-knappen", og då vart du lei deg. Det såg eg.

-Mm, svara Pål.

Eg meinte ikkje å vera sinna på deg. Kan vi to vera gode vene likevel?

Pappa fekk ein god klem av guten sin før han rusla ut i stova igjen. Pål låg i senga si. I morgon skulle han og pappa leika krokodille saman, heile dagen!

KPK

## Stående tro

De som går i kirken, må tro.  
Ikke bare sånn inni seg.  
De må stå opp  
og si hva de tror på -  
hver eneste bidige søndag.

Like før barnedåpen,  
da alle de stolte mødrrene  
og fedrene og tantene  
var kommet inn,  
måtte alle reise seg:  
- La oss bekjenne  
vår hellige tro!  
sa presten.

De alvorlige gjorde det.  
Ikke så høyt. Noen bare mumlet.  
Jeg husket de fleste ordene  
fra konfirmasjonstiden.  
Jeg tror på Gud Fader ...  
Jeg tror på Jesus Kristus ...  
Jeg tror på Den Hellige Ånd ...

Jeg sa det inni meg.  
Jeg syns ikke det går an  
å stå der  
på utstilling, likesom,  
og bekjenne noe  
bare for anledningen.  
Egentlig er jo troen  
en privatsak.

Jeg lurte forresten på  
om ikke alle de alvorlige  
bekjente så mye  
at det gjaldt litt  
for meg også.  
Han der oppe  
kan vel ikke  
skjelne alle stemmene?

Tekst: Rolf Tofte  
Tegning: Oscar Jansen  
© Kirvens Informasjonstjeneste



## Bedehussong

Bedeusuksuskfestivalen som har hatt stor suksess med sitt sommararrangement i Marker i Østfold, innbyr no til tevling om den beste nye bedehussongen. Ein jury som er sett saman av Trond Andersen, Haldis Reigstad, Peter Sandvall, Gunhild Nygård og Andreas Andersen, vil plukka ut dei ti beste songane og gi dei ut på CD og kassett før neste års festival. Sjølvre røystinga vil gå føre seg på festivalen.

Bedeusuksuskfestivalen skipar til konkurransan saman med Notebanken, Oslo og tevlinga vert støttet av Lynor, Master Music og Rex Forlag.

KPK

**SLEKTERS GANG****DØYPTE****DALE**

- 17.03 Tord Fossmark  
 31.03 Adrian Alexander Visnes Lie  
 26.05 Kine Ulveseth Svensson  
 26.05 Olai Hilland  
 26.05 Thomas Kindem Fotland  
 09.06 Nickolay Rørgård Faugstad  
 21.06 Vebjørn Langhelle  
 23.06 Nathalie Seim Horvei  
 04.08 Håkon Faugstad Jordalen  
 04.08 Jan Ove Bolstad Vasstveit  
 04.08 Dorthea Roe  
 18.08 Julie Nordby Boge

**VAKSDAL**

- 24.03 Martin Boge Juvik  
 24.03 Joachim Tefre  
 07.04 Sandra Stavenes  
 07.04 Adelen Hansen  
 27.05 Astrid Fotland  
 09.06 Torstein Bruvik  
 09.06 Helene Vik  
 09.06 Tina Amundsen Hansen  
 30.06 Pia Løtveld Larsen  
 11.08 Oddveig Kvinnlog Beckstrøm  
 25.08 Sandra Løtveld Fossmark  
 25.08 Ane Amundsen

**STAMNES**

- 16.06 Christine Elise Grøsvik Bergesen

**BERGSDALEN**

- 23.06 Ivar Mykkeltvedt  
 07.07. Miriam Ypsøy og Inger Mari Eneberg  
 Nord, døypt i Herdla kyrkje

**VIGDE****DALE**

- 25.05 Jane Randi Hesjedal og Jostein Kolås  
 01.06 Grethe Dagrunn Solberg og Bjørn Martin Marvin Jakobsen  
 29.06 Helga Marie Bjerke og Fred Emil Nilsen  
 10.08 Lisbeth Johnsen og Atle Davidsen

**VAKSDAL**

- 20.07 Elin Boge og Ståle Juvik

**STAMNES**

- 03.08 Reidun Mellesdal og David Rabenorolahy

**EKSINGEDELEN**

- 20.04 Gunnhild Lavik og Hallgeir Bjørge

**AVLIDNE****DALE**

- 18.03 Martin Haug, f.1907  
 23.03 Didrik Faugstad, f. 1907  
 24.03 Nelly Hesjedal, f. 1908  
 03.04 Laura Johanna Ekanger, f. 1908  
 12.04 Guri Ingebrigtsen, f.1901  
 20.04 Nils Bernhard Bruvik, f. 1927  
 22.04 Borghild Takvam, f. 1900  
 24.04 Normann Dalseid, f. 1926  
 08.05 Solveig Helle, f.1913

**VAKSDAL**

- 12.05 Henrik Ulfeldt von Mehren, f. 1907  
 30.05 Emma Dale, f. 1900  
 16.06 Nora Helle, f. 1923  
 21.06 Ingvald Rønhovde, f. 1924  
 06.07 Olga Zakariassen, f.1899  
 25.07 Henry Sääv, f.1902  
 02.08 Nils Forthun, f. 1908  
 02.08 Linda Boge, f. 1975  
 13.08 Jakob Lid, f. 1899

**VAKSDAL**


- 16.04 Ingeborg Skulstad, f. 1899  
 24.04 Thomas N. Thomassen, f. 1913  
 06.05 Solveig Hildur Elvik, f. 1920  
 23.05 Anfin Trettenes, f.1910  
 06.06 Magnhild Bjørsvik, f. 1920  
 28.06 Andrea Faugstad, f. 1905  
 10.07 Maria Vikne, f. 1910  
 27.07 Ole Berge, f. 1919  
 02.08 Agnar Anthun, f. 1973  
 22.08 Martin Herfindal, f.1905

**STAMNES**

- 12.03 Anna A. Straume, f. 1913  
 14.03 Elise Anna Straume, f. 1908  
 10.04 Jenny Stamnes, f.1910  
 21.06 Olav N. Grøsvik, f. 1907  
 15.07 Solveig Kaland, f. 1907  
 22.08 Kåre Straume, f. 1921

**EIDLAND**

- 18.05 Agnes Nese, f. 1903

**Kor stort min Gud**

Kor stort min Gud, at eg ditt barn får vera,  
 og leva i di frie nådepakt!  
 Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera,  
 men berre kvila i det du har sagt.

Eg bed deg: Lei du meg igjennom verda,  
 eg er så veik og er i framandt land!  
 Det mange var som gjekk seg vill på ferda  
 og sleppte taket i di frelsarhand.

Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda,  
 det har du lova i ditt eige ord.  
 Du visste alt om meg før du meg kalla,  
 og gav meg plass ved nådens rike bord.

Lat meg få sjå på deg når synda därar,  
 lat meg som barn ditt faderauga sjå!  
 Då veit eg visst at gjennom tvil og fårar  
 eg ved din nåde skal til himlen nå.

**Ordtak****Alt forgår unntatt Guds Nåde**

(Dansk ordtak)

Jesper Krogedal

## VELKOMEN TIL KYRKJE



### 22. september - 17. søndag etter pinse

**VAKSDAL** kl.18. Dyrhol. Konf. pres. Offer til Kristent pedagogisk forum.

**STANGHELLE** kl.18. Prost Knudsen.

### 29. september - 18. søndag etter pinse

**DALE** kl.11. Dyrhol og høgskulelektor Øystein Rønhovde. Nattverd. Offer til NLA.

**STAMNES** kl.11. Sekretær Nils A. Lavik. Nattverd. Offer til NLA.

**NESHEIM** kl.16. Sekretær Nils A. Lavik. Nattverd. Offer til NLA.

### 6. oktober - 19. søndag etter pinse

**VAKSDAL** kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til soknerådsarbeidet. 50 års konfirmantar.

**EIDSLAND** kl. 11. Kvamsøe. Nattverd.

### 13. oktober - 20. søndag etter pinse

**DALE** kl.11. Kvamsøe. Nattverd. 50 og 60 års konfirmantar.

### 20. oktober - 21. søndag etter pinse

**BERGSDALEN** kl. 11. Kvamsøe og Skjold. Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.

**NESHEIM** kl.11. Dyrhol. Hausttakkefest. Offer til Blå Kors.

**DALE** kl.17. Dyrhol. Hausttakkefest. Offer til Misjonshøgskolen.

**VAKSDAL** kl. 17. Fam. gudst. Kvamsøe. Utdeling av bok til 4 åringar. Offer til Redd Barna.

### 27. oktober - 22. søndag etter pinse

**STAMNES** kl.11. Dyrhol.

## NLA

Søndag 29. september vert den årlege Horda- landsaksjonen til Norsk Lærarakademi gjennom- ført. Forutan gustenester som de kan sjå av preikeliste på denne sida vil det vera møte i **Vaksdal Bedehus kl. 18.00** ved Øystein Rønhovde og i Stanghelle Bedehus kl. 18.00 ved John Harald Maridal

*Alle er hjarteleg velkomne*

**Iankevekkande  
Engasjerande  
Nyansert  
Oppmuntran**

BESTILL MEDMENNESKE

GRATIS I EITT AR

- MAGASIN OM UTFORDRINGER OG  
MULIGHETER I DEN TREDJE VERDA

**Ring: 22 22 22 99**



**KIRKENS  
NØDHJELP**  
Sammen for  
en rettferdig verden